


Invitasjon til samling i Nasjonalt Museumsnettverk for Kulturlandskap

11.-12. april 2007, Jæren



Jærmuseet er vertskap for den 6. samlinga i det Nasjonale Museumsnettverket for Kulturlandskap. Tema for denne samlinga er kystkulturlandskapet, vidare utvikling av felles prosjektarbeid i nettverket, historiske hagar og formidling av kulturlandskap på museum. Deltaking på samlinga er viktig for nettverksbygginga. Uformell kontakt er kjernefunksjonen til eit nettverk, så møt opp og ha det hyggeleg saman !

TEMA



Kysthei og kystlynghei er ein viktig del av kulturlandskapet på Jæren, og eit sentralt arbeidsområde for Jærmuseet og mange andre museum langs kysten. På denne samlinga vil vi få høyre meir om kva som blir gjort her, og kva problemstillingar som er knytt til arbeidet med å ta vare på Jærkystheiene; dei skogsnaue, udyrka og ugjødsla kystområda under den klimatiske skoggrensa.

Prosjektarbeid i nettverket: Fagmiljøa på musea kan trekkjast inn i større og mindre forskingsprosjekt i regi av kulturlandskapsnettverket. Skal vi utvikle samarbeidsprosjekt som fleire museum kan samarbeide om slik som andre museumsnettverk har gjort?

”Norgesgården” er eit aktuelt tema for eit fellesprosjekt som fokuserer på ulike gardstypar i landet. Her kan ein klassifisere hovudtypar og undertypar og sjå på driftsformer, strukturar i landskapet, bygningar og byggjeskikk, tekniske strukturar, kulturmarkstypar, reidskap, stadnamn o.l. som særmerkjer gardane. Inndelingane kan vere mange, men ein kan eksemplifisere med typar som kystgardar, fjordgardar, fiskevær, innlandsgardar, skoggardar, heiegardar, sjø- og elvegardar, fjellgardar, samiske gardssystem o.l.

Her kan ulike museum spele inn med kompetanse frå ”sin” landsdel slik at ein får ein heilskapleg og samanliknande framstilling. Meir om dette på heimesidene: <http://www.kulturlandskapsnettverk.museum.no/>

Formidling av kulturlandskap på museum. Vitengarden har gjennom fleire år hatt kulturlandskapet som ein viktig del av formidlinga. Innhaldet varierar ut ifrå målgruppa, men oftast blir det ei blanding av teori og praktisk arbeid. I arbeidsprosessen med vitensenteret la Jærmuseet vekt på å få fram denne natur- og kulturhistoria i eksperimenta.

Historiske hagar. Dette er første samlinga der Forum for hagar har eigen bolk. Føredrag om hagar er også integrert i fellesprogrammet.

ONSDAG 11. APRIL: JÆREN OG JÆRMUSEET

- | | |
|--------------------|--|
| Kl. 11.00 – 12.00: | Registrering og noko å bita i, Jærmuseet. |
| Kl. 12.00 – 12.15: | Velkomen v/ museumsdirektør Målfrid Snørteland |
| Kl. 12.15 –12.30: | Innleiing v/ Leif Hauge og Liv Byrkjeland |
| Kl. 12.30 -14.00: | Kva er eit vitensenter, bakgrunn for val av tema og eksperiment i utstillingane. Kva slags metodikk nyttar Jærmuseet i formidlinga av kulturlandskapet. Ein presentasjon og omvising av vitengarden. |
| Kl. 14.00.-14.20: | Kva målsetting har Jærmuseet som regionmuseum for å vera ein del av nettverket for kulturlandskap. Kva verknad har det hatt så langt. Dette som ein kort introduksjon til eskursjonen. |
| Kl. 14.30 -19.30: | Eskursjon: Jærstrendene, Lågjæren, kystlyngheier og Høggjæren m.m. v/ Fylkesmannen, Jærmuseet m.fl. |
| ca kl. 16.00: | Matsservering |
| Kl. 20.00: | Middag på hotellet (med litt lokal kultur...) |

TORS DAG 12. APRIL FAGLEGE FØREDRAG OG NETTVERSBYGGING

Frakt frå hotellet med minitaxi kl. 0810. Hugs utsjekking etter frukost.

- Kl. 08.30 - 09.00.: Kystlyngheiene våre – eit internasjonalt ansvar v/Peter Emil Kaaland
- Kl. 09.00 - 09.30: Ny pollenforskning frå Arekeologisk Museum i Stavanger v/ Lisbeth Prøsch – Danielsen.
- Kl. 09.30 – 10.00 Tusenårshagen i Kristiansand, gamle rosesortar og løkvekstar. Museumshage frå ei naturhistorisk museum sitt synspunkt. v/ Per Arvid Åsen
- Kl. 10.00 – 10.15: Pause med frukt.
- Kl. 10.15 - 11.00. Innlegg om Genressursenteret sitt arbeid for bevaring av gamle hageplanter. Forventningar til kulturlandskapsnettverket v/Åsmund Asdal
- Kl 11.00 – 12.30 PARALLELLE SESJONAR

SESJON 1: KYSTLYNGHEI

Presentasjon av lynprosjektet i Hanabergmarka v/ Jærmuseet, Hå kommune og Bioforsk vestland.

SESJON 2: HAGEFORUM

Deltakerne legger fram kva slags hage dei har ansvar for, gjerne med bilde som illustrasjon. 5-10 min på kvar.

Diskusjon om kva vi ynskjer at nettverket skal vere. Forslag til hagetema for neste samling.

1230 – 1315 Lunsj

1315 – 1500 Arbeidsøkt for nettverket

Innlegg frå deltakarane

Felles nettverksprosjekt v/Leif Hauge

Utvalde kulturlandskap v/Ragnhild Hoel

Neste samling - val av stad og innspel til tema

Overnatting

Deltakarane tingar overnatting sjølv. Det er reservert 22 rom på Jæren hotell [fram til 1. mars](#) <http://www.jarenhotel.no/> telefon: 51 77 11 00. Vi har fått kurstilbod på overnatting: Enkeltrom m/3 retters middag kr 1395,- pr person, overnatting i dobbeltrom m/ 3 retters middag kr 1095,- pr person. Ordinære romprisar utan middag.

Alternativ er Bryne kro og motell (tlf. 51 77 75 00) som ligg i gangavstand (5 min) frå Jæren hotell
Pris: Enkeltrom 995, dobbeltrom 625.

<http://www.bryne-kro.no/Webdesk/netblast/pages/index.html?id=27657>

Transport

Ta flybussen til Stavanger buss/togstasjon og lokaltog der ifrå til Bryne. På føremiddagen går toget kvar halvtime, 16 min. over heil og 16. min over halv. Avstanden til Jæren hotell er ca 3 - 5 min., til Bryne Kro og hotell er avtanden ca 10 - 15 min. Det går tog frå Kristiansand 08.05 som er framme i Stavanger 11.05. Gå av på Bryne stasjon. Vi bestiller transport frå hotellet til Jærmuseet.

Flytider Oslo

Oslo	Stavanger	07:15	08:05	SAS Braathens	Stavanger	Oslo	15:20	16:10	SAS Braathens
Oslo	Stavanger	07:30	08:25	Norwegian	Stavanger	Oslo	15:55	16:45	SAS Braathens
Oslo	Stavanger	08:00	08:50	SAS Braathens	Stavanger	Oslo	16:05	17:00	Norwegian
Oslo	Stavanger	08:30	09:20	SAS Braathens	Stavanger	Oslo	17:00	17:50	SAS Braathens
Oslo	Stavanger	09:45	10:35	SAS Braathens	Stavanger	Oslo	17:35	18:30	Norwegian
					Stavanger	Oslo	18:35	19:25	SAS Braathens
					Stavanger	Oslo	18:45	19:45	Norwegian
					Stavanger	Oslo	19:30	20:20	SAS Braathens
					Stavanger	Oslo	20:35	21:25	SAS Braathens

Flytider Bergen og korresponderande fly

Bergen	Stavanger	07:05	07:40	SAS Braat.	Stavanger	Bergen	16:30	17:05	SAS Braathens
Bergen	Stavanger	07:10	07:45	Norwegian	Stavanger	Bergen	17:25	18:05	Norwegian
Ålesund	Bergen	07:30	08:15	SAS Braath.	Bergen	Trondheim	17:25	18:25	SAS Braathens
Bergen	Stavanger	07:50	08:25	SAS Braath.	Stavanger	Bergen	18:00	18:35	SAS Braathens
Bergen	Stavanger	08:35	09:10	SAS Braath.	Bergen	Trondheim	18:55	19:55	SAS Braathens
Trondheim	Bergen	09:35	10:35	SAS Braath.	Stavanger	Bergen	19:30	20:05	SAS Braathens
Trondheim	Ålesund	10:10	10:50	SAS Braath.	Bergen	Ålesund	20:25	21:05	SAS Braathens
					Stavanger	Bergen	21:35	22:10	SAS Braathens
					Bergen	Trondheim	22:30	23:30	SAS Braathens

Delatakaravgift

Deltakaravgifta blir fakturert deltakarmusea i etterkant slik som tidlegare. Det vil også bli søkt om tilskot for å dekke utgifter.

Praktisk informasjon:

Hugs varme klede og gode sko. Mykje vind på Jæren...

PÅMELDING innan 9. mars

(PS: De tingar overnatting sjølve. Hotellromma er reserverte til 1. mars)

Namn:

Institusjon:

Dag 1 ? (kryss av) Dag 2 ? Middag ?

Kva parallell sesjon ynskjer du på torsdag (kryss av) Lynghei ? Hage ?

TIL: De Heibergske Samlingar – Sogn Folkemuseum, Vestreim, 6854 Kaupanger. Tlf. 57 67 82 06
Liv.byrkjeland@dhs.museum.no